

## Direktoratet for mineralforvaltning

v/Ine Cecilie Mork Olsen

Deres ref.: 14/01397-2

Vår ref.: 46/1-Muggeteigen

Dato: 3.12.2014

### **Søknad om prøveuttak av 2 000 m<sup>3</sup> stein på eiendom gnr 46, bnr 1(Muggeteigen).**

Viser til tidligere korrespondanse i saken hvor det hentydes fra flere instanser at prøveuttak i størrelse 11 000 m<sup>3</sup> er for meget, samt at § 12 i mineralloven viser til opptil 2 000 m<sup>3</sup> for prøveuttak uten særskilte tilfeller.

Derfor endrer og retter vi herved på vegne av grunneier Endre Offerdal og Voll Lunde Maskin AS som utførende entreprenør søknad for prøve uttak på 2 000m<sup>3</sup>.

*Type mineral; gabbro.*

*Volum; 2 000 m<sup>3</sup>.*

*Bruksområde; plastrings stein/mur og restprodukter benyttes ved dertil arbeider.*

*Hvorfor prøveuttak; ved å gjennomføre prøveuttak vil man kunne bekrefte eller avkrefte om område innehar den kvaliteten og egenskapene som stilles til produkt for plastrings stein/mur.*

*Påvirkning på miljø og samfunn; det skulle bare være positive sider for å kunne etablere et stein brudd i Lærdal, da det ellers er lange avstander for å frakte rett type produkt til kommunen og omegn. Det er ikke funnet arkeologiske eller biologiske –funn, og støy beregninger/vurderinger er under utarbeidelse, men det er «bare» 3 hytter i område hvor alle er informert om saken hvor respons var positivt.*

Rapport/notat fra Arkeologisk registrering og støy beregning/vurdering kan etter sendes når de foreligger om ønskelig.

Da denne saken allerede er belyst ved høring, behandlet i kommunen(vedtak) og det er utført en rekke undersøkelser, håper vi at saksbehandlingstiden kan forkortes betraktelig for dere. Det er veldig ønskelig for utførende at de kan starte med prøveuttak så raskt som mulig da årstiden gjør det mer romslig i forhold til utøvede hovedgeskjeft.

Med vennlig hilsen for

BruCon AS

Ole Johnny Borge



Vedlegg:

1. Kart over område (2 stk)
2. Vedtak fra Lærdal kommune
3. Notat synfaring naturtilhøve

Kopi til:

Endre Offerdal, Ofredal, 6885 Årdalstangen

Voll Lunde Maskin AS, 6887 Lærdal


Lærdal kommune, 6887 Lærdal



Målestokk 1:10000 ved A3 liggende utskrift

skog  
landskap

1



<b>Muggleigen</b>			
Dato: 27.06.2014	Konst: Agnet	Godekjert	Målestokk: 1:1500
Plantegning			Erstatet av: 901
Henvising		Beregning	Voll-Lunde Maskin AS



Direktoratet for mineralforvaltning  
Leiv Erikssons vei 39

7040 TRONDHEIM

Vår ref.  
14/788-9

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Johannes Myrmel

Direktenr

Arkiv

Dato:  
20.11.2014

## **Melding om vedtak - Søknad om mellombels dispensasjon etter § 19-1 i plan- og bygningslova for prøveuttak av stein på eigdommen gnr 46, bnr 1 (Muggeteigen )**

Frå møte i Formannskapet den 11. november 2014, saksnr 170/14.

Det vart gjort fylgjande vedtak:

Formannskapet finn på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt, og gjev i samsvar med § 19-3 i plan og bygningslova mellombels dispensasjon til prøveuttak av stein. Uttaksvolumet skal avgrensast til 2 000 m<sup>2</sup>.

Grunngjevinga er at stein er ein viktig ressurs. Gjennom høyringa er det ikkje kome fram informasjon om verken natur eller andre kvalitetar som eit avgrensa prøveuttak vil vere i konflikt med. Dessutan er det viktig å få avklart om området har ein drivverdig førekomst før planarbeidet er kome for langt.

Vilkåra er at:

- Støy som følge av arbeida skal dokumenterast. Arbeidet skal ikkje føre til at grenseverdiane i Rundskriv T-1442 vert overskride.
- Arbeid som inneber støy skal ikkje førekomme i perioden mellom klokka 17.00 og 08.00. I helg (laurdag og søndag) og helligdag skal arbeid som inneber støy ikkje førekomme i perioden 14.00 og 09.00.
- Det skal utarbeidast istandsettingsplan og området skal revegiterast med stadeigen massar. Istandsettingsplan skal godkjennast av kommunen. Frist for istandsetting er 1. juli 2018.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med §1-9 i plan- og bygningslova jf. kap VI i forvaltningslova. Eventuell klage må vere sett fram skriftleg til Lærdal kommune innan 3 veker. Klaga må vere grunngjeva, og det må gå klart fram kva endringar ein ynskjer. Kommunen kan gje nærmare rettleiing om framgangsmåte ved klage på vedtak. Vidare har partar rett til å sjå dokumenta i saka jf. §§ 18 og 19 i forvaltningslova.

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna.

Med helsing

Johannes Myrmel  
arealplanleggjar

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.09.2014	Søknad om mellombels dispensasjon etter § 19-1 i plan- og bygningslova for prøveuttak av stein på eigedommen gnr 46, bnr 1 (Muggeteigen )	89058

**Mottakarar:**

Brucon AS	Bjørnstjerne	3044	DRAMMEN
	Bjørnsonsgate 21		
Direktoratet for mineralforvaltning	Leiv Erikssons vei 39	7040	TRONDHEIM
Endre Offerdal		6885	ÅRDALSTANGEN
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		6801	FØRDE
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		6863	LEIKANGER
Lærdal kommune	Kultur og formidling	Her	
Lærdal kommune	Landbrukskontoret	Her	
Lærdal kommune	Tekniske tenester	Her	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Storehagen 1B	6800	FØRDE

# Muggeteigen, Bermålsviki Overordna naturtilhøve

Notat frå synfaring 21. nov. 2014, førehandskartlegging





## Innhald

Innhald .....	1
Problemstilling .....	2
Metode.....	2
Områdeskildring.....	2
Skildring av planområdet.....	3
Kjente førekomstar av naturmangfald .....	4
Førebels verdivurdering .....	4
Foto frå området:.....	5

## Problemstilling

I samband med søknad om dispensasjon for prøveuttak av stein ved Muggeteigen, Bermålsviki i Lærdal, i forkant av detaljregulering, var det trong for ei avklaring av potensialet for naturverdiar.

## Metode

Det vart gjennomført ei synfaring på barmark 21. november av biolog Siri Wølneberg Bøthun. Målet med turen var å kunne skildre naturtilhøva og vegetasjonstypene i så stor grad dette var mogleg på denne tida av året. Kunnskapen er viktig for å vurdere om området, eller delar av området, har potensial for å huse verdifulle naturtypar etter DN handbok 13 (om kartlegging av naturtypar) og/eller raudlisteartar. Synfaringa var gjort med tanke på ein vil kunne gjere ei grundigare kartlegging av vegetasjonstypar og naturmangfald i samband med ei komande reguleringsplanprosess. Dette vil berre verte naudsynt dersom forvaltinga ikkje finn kunnskapen om området god nok.

Under synfaringa vart området fotodokumentert, og det vart gjort notatar over vegetasjonen i området. Både planområdet og lia som planområdet er ein del av vart undersøkt.

## Områdeskildring




Figur 1 Kart over lisida med innteikna omtrentleg avgrensing av planområde for steinbrot og synfaringsrute. Arealet for brotet er lite (40 daa), turen ga god oversikt over naturtilhøva i heile området.

## Skildring av planområdet

Lokaliteten ligg i ei bratt, nordvendt lise like over Rv 5, der den følgjer Årdalsfjorden mellom Lærdal og Årdal. Frå vegen går ei fjellskjæring med furuskog over. Planområdet ligg slik at det vil verte ståande att eit belte med furuskog mellom brotet og vegskjæringa. Oppover er planområdet dels avgrensa av ei blokkrik, open steinur. Denne steinura ligg som ein rand som følgjer foten av eit stup.

Steinbrotet vil ligge i ei bratt lise dominert av furuskog. Dominerande vegetasjonstype er bærlyngskog med furu, vegetasjonstype A2 i Fremstad (1997). Lisida har ein god del nyleg avvirka flater. Det som står att av furuskog varierer i alder, noko nærmar seg truleg hogstmodent, medan det meste er av middels alder. Heile skogslia ber preg av moderne skogbruk, med jamn alder på trærne i ulike parti.



Figur 2 Oversikt over markslag: Området består av furuskog med lav bonitet, dels med berg i dagen nedst (i vest), ei sone med middels bonitet i midten (i stor grad avvirka) og høg bonitet øst (i aust) (delvis avvirka). Over planområdet går ei open steinur.

Feltsjiktet i furuskog og på hogstflate er lyngdominert, med tyttebær og krekling som mengdeartar i om lag jamn fordeling. Skrinnare parti har mest berre mosedekke. Etasjemose og furumose er dominerande i botnsjiktet.

Det finst ikkje skog av høg alder eller skog med mykje daudt virke innanfor planavgrensinga. Trærne er fattige på lav.

Dei avvirka flatene innanfor planområde har byrjande tilgroing, her er noko ungfuru og nokre felt med lauvkratt av hhv. bjørk og gråor. Dei små felta med lauvkratt står på friskare grunn og har feltsjikt av høge gras og storbregner.

### **Kjente førekomstar av naturmangfald**

Registrerte raudlisteartar frå artskart: Strandsnipe (NT), observasjon frå 2014. Strandsnipe er ein vasstilknytt art som truleg hekker langs fjorden. Hønsehauk (NT): to obseravsjonar i nærområdet, ein registrert i 1989 og ein i 2011.

Kjende registreringar i nærområde: Næraste naturtypelokalitet er ein lindeskog i ei lita lomme langs fjorden eit stykke lengre nord, i Årdal kommune.

### **Førebels verdivurdering**

Basert på obsevasjonane som er gjort samt eksisterande databaser, vert naturen i området vurdert som alminneleg. Området inneheld ikkje vegetasjon som fell innanfor kriteria for registrering av lokalitetar med høg verdi for biologisk mangfald jfr. DN handbok 13. Potensialet for raudlisteartar, mogleg med unntak av rovfugl i bergveggane ovanfor, vert vurdert som lågt.

26.11.1014

Siri Wølneberg Bøthun

### Foto frå området:



*Figur 3 Typisk furuskog i lisida. Bilete frå område med låg bonitet i vest, teke frå delområde A innover i delområde B i framlegg til planprogram for detaljregulering av steinbrotet.*



*Figur 4 Typisk furuskog i lisida. Bilete frå område med låg bonitet i vest, teke frå nesten same plass som foto i fig. 3, noko opp i terrenget (frå delområde A innover i delområde B i framlegg til planprogram for detaljregulering av steinbrotet.)*



*Figur 5 Botnsjiktet i furuskogen er mosedominert med etasjemose og furumose*



*Figur 6 Sett frå vegen nær startpunkt for tilkomstvegen. Biletet syner del av skogstripa som vil verte ståande att som buffer mot vegen.*



Figur 7 Frå hogstflate med tidleg gjenvekst, delområde B i planprogrammet. Skogen i bakgrunn står i delområde B og C.



Figur 8 Som figur 7.



*Figur 9 Typisk utsnitt av skogbotnen: Krekling og tytebær dominerer.*



*Figur 10 Furuskog av middels alder. Sett frå startpunkt på tilkomstveg. Planområdet byrjar i høgre del av biletet.*